

Nett-juristen tek jobben til halv pris

Synest du det er dyrt med advokat? Web-juristane, som lanserte det nye tilbudet sitt i går, kan hjelpa deg til ein langt rimelegare pris.

DAGRUN STOKKE
dagrun@nordhordland.no

Webjuristane er første rettshjelparkjeda i landet, og ein av rettshjelparane som står til di teneste er Marit Håkonsen (50). Ein del hugsar henne kanskje som lærar ved Knarvik ungdomsskule for nokre år sidan. No er ho ein av dei ti rettshjelparane i den nyetablerte kjeda og ho er den einaste av dei ti som er som etablert i Bergen.

– Nordhordland er ei svært aktuell kundegruppe for meg, seier ho. Ikkje alle veit kva ein rettshjelpar er, og det spørsmålet forklarar ho slik:

– Ein rettshjelpar er ei alternativ yrkesgruppe til advokatar. Vi har den same juridiske utdanninga med dei same løyva, men skal ein rettshjelpar prosedera ei sak i retten, må han eller ho ha samtykkje frå den aktuelle domstolen.

Svært få juridiske spørsmål eller usemjer hamnar i rettsapparatet, kanskje to av hundre saker. Det betyr at det meste vert ordna opp i før saka kjem så langt. Noko av det rettshjelparen gjer er å setja opp testamente eller avtalar. Dei hjelper også til med å løysa tvistar mellom fleire partar. Og dei svarar på spørsmål som folk må ha. I følgje web-juristane slit nordmenn med to millionar uløyste spørsmål til ei kvar tid. Det gjer behovet for rettshjelp stort.

Eit par timar er nok

– Mange konflikter kunne vore unngått dersom folk hadde fått juridisk hjelp på

eit tidlegare tidspunkt, seier Marit Håkonsen. Ho likar å koma inn i ei sak tidleg, for å hindra at ein konflikt vert styrka.

– Eit par timar med juridisk hjelp kan ofte vera nok til å hindra mykje diskusjon seinare, seier ho.

Det var gründer og jurist Nina Dybedahl som skipa det som var forløparen til web-juristane. Visjonen var å gje eit rimelegare tilbud til dei som brukar advokat frå før, og å gje eit rimelegare tilbud til dei som aldri har hatt råd til å bruka advokat.

– Dei færreste har råd til å betala timeprisen for ein til advokatar som i følgje bransjeundersøkingar hjå Advokatforeininga er på 1060 kroner pluss moms, seier Håkonsen.

– Vi kan gjera den same jobben for halve prisen, legg Håkonsen til. I tillegg til pris kan også terskelen for å kontakta ein advokat vera svært høg.

Telefon og nett

– Grunnen til at vi kan gjera jobben så pass billeg, er at vi brukar for det meste telefon og nettet. Nettet er viktigaste kanal for oss. Dei fleste juridiske spørsmål vil bli løyste utan at vi ein gong har møtt den som vil ha hjelp, forklarar ho. Nettkontakten går ikkje via e-post men via ei kryptert nettside, dette betyr sikker informasjonsutveksling.

– Denne måten å kommunisera med klienten på gjer at vi slepp utgifter til dyre kontorlokale – og klienten slepp å bruka pengar og tid på å reisa til oss, legg ho til.



MARIT HÅKONSEN: Ho er ein av ti webjuristar.

Dette er ikkje restavfall!

All plastemballasje skal no leverast i eigen plastsekk! Dette gjeld òg plast med påklistra prislappar og etikettar.

Emballasjen må vera tom for matrestar, men treng ikkje vaskast. Tøm restane i matavfallet, og skyll lett om naudsynt.

Plastsekken går direkte til gjenvinning, og må difor KUN innehalda plast!

NGIR
56 34 33 10 | www.ngir.no

